

Barterapi

Skreve av Kristina Hatlevoll

A: Mann

B: Bartender

Sceneteippe går opp og me for sjå ein bardisk (noko enkelt laga av papp) der det står ein bartender bak og tørkar eit glas med ein kvit tørkehandduk. Det er to tomme barstolar framfor bardisken. Bardisken er plassert midt på scena. Det kjem ein mann inn på scena frå høgre side. Han set seg på den første barstolen til høgre.

B: Hei! Kva vil du ha?

A: Ja, om eg berre visste det.

B: Å? Er da noko som er gale?

A: Eg veit ikkje kva eg vil med livet mitt. Eg er heilt aleine og har nettopp fått sparken. I tillegg til det er eg stygg. *(A legg overkroppen ned over bardisken med armane over hovudet og byrjar å hulkar hysterisk)*

A: Eg er ein tapar!

Barmannen snakkar mot publikum.

B: Denne kunden er nok under diagnosen: Sterkt depressiv og trur at verda hatar ein. Best å gi han ein behandling med min spesielle drink.

B dukkar under bardisken og tek opp ein drinkmiksar. Han byrjar å riste med full kraft og dukkar deretter under igjen og tek opp ein kvit plastikkopp med rosa paraply i. B prikkar på skuldaren til A som framleis hulkar over bardisken. A stoppar brått å hulke og løftar opp hovudet.

B: Drikk dette du. Så vil du snart føla deg mykje betre.

A tek imot drinken og styrtar den i seg.

A: Eg følar meg lika elendig.

B: Du må venta litt. Da tek litt tid skjønna du, før effekten byrja å virka.

A: Kva har du i drinken? Eg syns den smakte litt rart.

B: Det er ein "tequila sunrise" med min eiga hemmelege ingrediens.

A: Kva vil det sei?

B: Det er hemmeleg, men eg trur att du kan trenga ein drink til. Eit augeblikk.

B dukkar under bardisken igjen og kjem opp att med drinkmiksaren. Han rister den med stor kraft og tek så plastikkoppen til A og dukkar under igjen, før han kjem opp att med plastikkoppen. Denne gongen har han bytta ut den rosa paraplyen med ein blyant. Han gir koppen til A og blunkar samtidig lurt til publikum.

A: kvifor er det ein blyant i drinken?

B: Eg har oppgradert den litt. No har du fått ein "tequila sunset". Den er litt sterkare, men desto meir effekt vil den gi.

A styrtar i seg drinken, men lagar grimase idet han svelgar den siste dråpen.

A: Dette smakte særdeles spesielt.

B: Aaah, ja det er fordi det er ein sterkare dose du har fått no. No gir eg deg eit kvitt ark og så skal du skrive det første ordet du tenkjer på.

A: Hæ? Kva sa du?

B: Eg sa at no gir eg det eit kvitt ark, der du skal skrive det første ordet som du tenkjer på.

A: Tullar du med meg no?

B: Nei, eg tullar aldrig. Du må gjere dette visst drinken skal gi best effekt.

A: Ok. Eg har vel ingenting å tape.

A får eit kvitt ark av B og han skriver ned eit ord. A gir arket tilbake til B. B lesar opp ordet som står på arket.

B: Fortapt. Ja den biten har me jo oppklart. Da treng du noko som er litt sterkare. Eit augeblikk.

A dukkar under bardisken igjen og dukkar opp att med drinkmiskaren. Han byrjar å riste med heile kroppen medan han blandar drinken. Deretter tek han plastikkoppen til A og dukkar under bardisken. B dukkar opp att, denne gongen er det ein sokk som heng ut av plastikkoppen. B gir den til A og blunkar lurt til publikum.

A: Ææææh. Eg følar att dette blir litt i da drøyaste laget no. Eg trur ikkje magen min har godt av ein drink til.

B: Kva meiner du? Veit du ikkje kva slags fantastisk drink dette er kamerat? Med denne drinken lovar eg deg att du vil føla deg ti tusen gonger betre.

A luktar på drinken snur seg vekk mot publikum og rynkar på nasen. Han spør skeptisk:

A: Kva heiter denne drinken?

B: Den heiter så mykje som "sex on the washingmachine" med mi eiga hemmelege ingrediens.

A: Eg har aldri høyrte om den drinken. Du trur ikkje den er for sterk for meg?

B: Nei, den er akkurat passe.

A: Ja vel, då for eg vel berre styrte den i meg då.

B: Det er den beste måten trur eg.

A prøvar å halde på sokken slik at den ikkje skal gli inn i munnen saman med drinken. Han styrtar drinken i seg og ristar sterkt på hovudet og stikk tunga ut.

A: Fytti rakkaren!! Dette er noko av det verste eg har smakt i mitt liv.

B: Korleis følar du deg no?

A: Heilt for jævlig.

B: Aaah, ja, men han treng litt tid for å virke. No skal du leggja sokken oppå hovudet og reisa deg opp og danse makkarena. Eg skal skru på musikken.

A: Nei, no køddar du?

B: Stol på meg, det virke! Eg har spesial kurs i dette å hellbrede folk som er depressive.

A: Men, kvifor må sokken ligga oppå hovudet då?

B: Fordi då trenger veska som er att i sokken, best inn i systemet ditt. Det vil gå rett til nervesenteret! Dansen og musikken vil og hjelpa på å forsterke effekten.

A: Ja vel, eg får vel gi det eit forsøk då.

A tek sokken ut av plastikkoppen og legg den oppå hovudet. Han gir plastikkoppen til B og reiser seg opp. B skrur på musikk ved hjelp av ein fjernkontroll og A byrjar å danse makkarena. Skodespelarane kan sjølv bestemme kor lenge dansen skal vare. B skrur av musikken med fjernkontrollen. A står i ro og ser ut i lufta.

B: Korleis følar du deg no?

C: Heilt for jævlig.

B: Aaah, men då treng du ein siste drink.

A: Nei, vær så snill! Eg trur eg har fått nok no.

B: Kom og sett deg, kamerat. Eg lovar deg at dersom denne siste drinken ikkje virke, så sluttar eg i jobben min. Berre gi meg denne siste sjansen?

A: Okay.

A set seg ned igjen på barstolen. B dukkar under bardisken og dukkar opp att med drinkmiksaren. Han byrjar å riste drinkmiksaren samtidig som han hoppar opp og ned. Han dukkar under igjen og dukkar deretter opp att bak bardisken med den kvite plastikkoppen og frå koppen stikk det ut ein musehale. (plastikkmus i koppen). B serverar plastikkoppen til A og blunkar lurt til publikum. A studerar musehalen nøye før han vågar å sjå ned i plastikkoppen. Han held koppen så langt vekk frå han som mogleg, idet han ser det som er i koppen.

A: Det ligg ikkje tilfeldigvis ein død mus i koppen min?

B: Jo, det kan kanskje stemma kamerat. Dette er min mest avanserte drink forstår du.

A: Kva heiter den om eg tørr spørje?

B: "Sudden death". Kom igjen! Drikk opp. Eg garanterar deg att du vil føla deg lika sprek som ein brunstig bukk etter du har drukke den.

A: Eller lika daud som ein stranda fisk.

B: Kva sa du?

A: Eg sa dette ser ikkje godt ut.

B: Ahhh, men da gjer godt forstår du.

A: Det har ikkje gjort noko godt med dei tre første.

B: Men denne siste drinken her, er den sterkaste ute på marknaden. Du må berre ikkje mista trua. Stol på meg, den virke. Berre prøv å førestill deg att den ser god ut. Då er det mykje enklare å få den ned.

A ser ned i koppen og prøver å førestille seg att den ser god ut.

A: Mmmmm.. Dette ser godt ut.

A ser oppå bartenderen. Bartenderen nikkar ivrig. A svelgar nervøst og lukkar deretter att auga, og held seg for nasen før han styrtar i seg drinken samtidig som han skjelv over heile kroppen. Han held på musehalen for att plastikkmusa ikkje skal gli inn i munnen. Han lagar stor grimase mens han svelgar drinken og held seg på brystet når han er ferdig.

B: Sant me følar oss mykje betre no.

A: No veit eg kva eg vil!

B: Der ser du! Eg visste att det skulle hjelpa. Da er ikkje vondare enn att det er godt for noko veit du. Kva har du funne ut av att du vil, kamerat?

A: Eg vil ut og grava meg ei grav.

A reisar seg opp og B snakkar idet han skal til å gå ut.

B: Nei, kjære deg. Bli no her og ta ein drink til, så blir nok alt mykje lysare snart skal du sjå.

A: Ikkje for denne musa her. Eg vil ut og begrave ho og deretter (*A hikkar*). Han byrjar å sjangle litt bortover golvet med koppen heva over han, så snur han seg rundt og sjanglar litt tilbake og stillar seg midt framme på scena. A pratar litt slurvande.

A: Kom hit bartender! Me må ta ein skål saman. Denne stakkars musa fortener ein siste skål før ho ligg under jordas overflate. Ta med deg det skvipet ditt.

B tek med drinkmiksaren og ein plastikk kopp og går fram til A. A leggar den frie armen sin rundt B. A og B ser ned i plastikk koppen med den døde musa i.

A: Sjå på ho. Det ser ut som ho berre søv nesten. Så lita og sårbar. (*A hikkar*).

B: Ho er ikkje død.

A: Kva sa du?

B: Ho er ikkje død.

A: Meinat du ho er i live?

B: Ja, ho er berre litt bevisstlaus. Du trur vel ikkje eg er ein musemordar?

A ser opp på B.

A: Eg må innrømme at mit gode inntrykk av deg vart litt svekka etter at du hadde den gamle sokken i drinken min.

A ser ned i koppen igjen.

A: Meiner du ho verkeleg ikkje er død. Da smakte i alle fall slik ut i stad.

A: (*ropar*) Nei sjå! Ho åpnar auga sine. Åå, så søt du er vetle muse nusse, nusse!

B: Du kan berre behalde ho visst du vil?

A: (*hikkar*) Meinat du verkeleg det?

B: Ja. Eg ser at du er akkurat den rette kar for ho.

A: Oi, eg veit ikkje kva eg skal sei. No vart eg så glad. Eg følar meg som den heldigaste mann på jord. Eg veit ikkje korleis eg kan takka deg?

B: Berre betal regninga du, før du går. Så er me skuls.

A: Ja, så klart.

A og B går tilbake til bardisken. B stillar seg bak bardisken og tek fram ein liten lapp der han skriver ned summen. Deretter visar han lappen til A.

A: *(hikkar)* Fem tusen kroner?

B: Ja, inkludert musa.

Teppet går ned.